



Kjersti Sjørven

Referanser:

Dykkar:

Vår: 22/3999 - 22/36927

Saksbehandlar:

Øystein Hafnor Kolstad

oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no

Dato:

12.05.2022

Landbrukssak GBNR 309/1 Hjertås - Varsel om stadleg kontroll av søknad om produksjonstilskot

Alver kommune v/landbrukskontoret visar til føretaket sin søknad om produksjons -og avløysartilskot i jordbruket i mars 2022.

I følgje § 10 i Forskrift om produksjonstilskot, skal kommunen kontrollere at utbetaling av produksjonstilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysingane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon.

Ein del av føremålet med kontrollen er og å informera om gjeldande lovar og reglar samt rettleiing og opplysing om gjeldande produksjon.

Rundskriv 2022-11 punkt 5, seier at minst 10 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år.

Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, og vi melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter gjeldande søknadsomgang.

Kontrollen skal gjennomførast som stadleg kontroll og vil omhandla «vanleg jordbruksproduksjon på sau». Vanleg jordbruksproduksjon på sau er i hovudsak at kvart dyr som ein søkar produksjonstilskot på skal ha ein viss avdrott. Det gjeldt då slakteleveransar, livdyrsal eller sal av ull og skinnfellar.

Føretaket er blitt plukka ut grunna låge slakteveker og/eller låg slakteklasse på lam i 2021. Ved lågare slakteveker enn 70% av landsgjennomsnittet for den aktuelle rasen eller om det er låg slakteklasse skal kommunen vurdere om vanleg jordbruksproduksjon er oppfylt.

Kontrollen vil omhandla:

- Stadleg kontroll av «Vanleg jordbruksproduksjon på sau»

Aktuelle dagar for kontroll er i veke 21 og veke 22. 23 mai-1 juni mellom 09.00 og 15.00. Bed om tilbakemelding på kva dag og tidspunkt som kan vera aktuell innan torsdag 19.mai. Kontaktinformasjon finn de under.

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå de mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helgedagar.

Ved spørsmål til kontrollen, kan de kontakte underteikna eller Laila Bjørge på 56171185.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
Rådgjevar
56 37 50 00
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kjersti Sjursen
Kjerstis Blomster Kjersti Sjursen

Hjertåsvegen 44

5918 Frekhaug